

Referat. Styremøte i Vestnes Sogelag. Februar 2023.

Tid: 06.02.23, kl. 19-21

Stad: Vestnes bibliotek

Til stades: Jørn Inge Frostad, Liv Signy G. Hellen, Morten Øveraas, Tordis Sivertsen, Tore Tomren og Hallgeir Anderson (invitert gjest)

Sakliste:

1) Innspel frå Liv Signy Hellen og Hallgeir Anderson angående framtida til gards- og slektshistoria for Vestnes, og eventuell oppretting av ein «bygdebok-komité»

- Eit sentral spørsmål som bør avklarast: Har Vestnes kommune rettighetane til det ikkje-avslutta arbeidet og det innsamla kjeldematerialet til Marit R. Hoel og Olav Rekdal?
- Styreleiar Morten vil oppmode kulturelle rådgjevar Ingrid Skjegstad til å finne ut av dette. Både juridiske spørsmål knytt til åndsverklova og kvaliteten på arbeidet som allereie er gjort er uavklarte spørsmål.
- I tilfelle er det kritisk å få i hende det ikkje-publiserte materiale og alle primærkjelder samla inn gjennom fleire tiår.
- Erfaringa frå «framstøtet» i fjor kan tyde på at bygdebokprosjektet ikkje vil få kommunal pengestøtte. Det ser heller ikkje ut til at eldre, ikkje-publiserte manuskript i privat eige vil bli gjort tilgjengeleg på noko vis.
- Det kan vere lurt å opprette ein komité som kan starte opp att arbeidet med dei gjenværande bygdebøkene i Vestnes, og som kan systematisere og koordinere arbeid som allereie no er i gang på individuell og uformell basis.
- Sannsynlegvis er det nødvendig med eit spleiselag mellom kommunen, sogelaget og lokal næringsliv for å få samla inn tilstrekkeleg startkapital. Det kan òg vere aktuelt å søke om midlar frå statleg hald.
- Liv Signy skal sjekke ut om referat frå den tidlegare bygdeboknemnda er tatt vare på. Det kan elles godt vere at kommunen sjølv har tatt vare på innsendt materiale.
- Ein komité må opprettast: Liv Signy og Hallgeir blir av sogelagsstyret oppmoda til å bli med i denne. Desse to vil ta kontakt med Vestnesavisa med den hensikt å lage ei promoteringssak, for slik å rekruttere fleire interesserte til komiteen.

2) Planlegging av årsmøte i mars

- Morten legg fram utkast til årsmelding frå styret.
- Bernt Gjelsten har takka ja til å halde foredrag på årsmøtet etter at sjølve møtet er ferdig.
- Morten legg fram rekneskapen for 2022.
- Styret vil legge fram eit forslag for årsmøtet om å auke både kontingentsatsen og prisen for sogelagsboka i butikk.
- Me går også inn for å endre vedtektene angående skriftstyret, nærmare bestemt å legge fram for årsmøtet å ha ei variabel lengde på valperioden for kvart enkelt skriftstyremedlem (dvs. å få ein periode på vekselvis eit og to år).
- Forslag til tidspunkt: 22. eller 23. mars, kl. 19 på biblioteket.
- Morten legg ut annonse og årsmøtepapir om lag tre veke før årsmøtet.

3) Innspel frå Jostein Bø: Møte med fotogruppa og andre interesserte

Jostein Bø har tatt initiativ til eit møte om korleis gamle bilete og anna kan lagrast på forsvarleg vis. Det er også tale om å drøfte eit eventuelt nytt bind av «Før i Ti'n». Dette møtet vil være primært med fotogruppa og andre interesserte frå styret/skriftstyret. Det er nærliggjande å vurdere om Romsdalsmuseet og/eller Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal bør kontaktast for anten å kome med tips eller som tilbydar av lagring. Møtedato: 6. mars, Vestnes bibliotek.

4) Brovold-utstillinga

Det er ledig plass på biblioteket, men det må framleis avklarast om det er UV-filter i monterer eller i vindauge på bygget. Romsdalsmuseet låner ikkje ut objekt om slike filter manglar. Biblioteksjef Vigdis Ødegård skal sjekke dette. Det vil bli behov for noko arbeid med å lage til utstillinga. Morten vil hjelpe med utforming av tekstar, eventuelt i samarbeid med fleire som kan vere interessert.

Truleg kan dette gjennomførast i løpet av våren.

5) Publisering av «Krohg-spelet»

Einar Baltzersen har sendt notat om manuskriptet frå «Krohg-spelet» som vart satt opp i 2011, der han blant anna gjev uttrykk for eit ønske om å trykke opp og publisere manuset, bilde og anna materiale knytt til framsyninga.

Me vil oppmode det nye skriftstyret til å vurdere om dette skal trykkast i årsskriftet, eller trykkast i ei anna form, til dømes som eit sjølvstendig hefte.

6) Aktivitetar 2023

- Bernt Gjelsten skal halde foredrag om barnegjetarar i samband med årsmøtet.
- Åsta Vadset ved Interkommunalt Arkiv er aktuell med foredrag om slekt- og arkivgransking, Sanitetskvinnelaga eller liknande emne. Ho har stilt seg positiv til å kome til Vestnes.
- Deltakarane på årsmøtet vil bli oppmoda til å kome med forslag.
- Eit «årshjul» for komande aktivitetar vil bli ferdigstilt i etterkant av årsmøtet.

7) Eventuelt

- Morten har no fått tilgang på skriftstyret sin e-postkonto. Der ligg det no bidrag til to-tre potensielle artiklar i årsskriftet.

Vestnes, 6/2-23

Referent: Tore Tomren